



**Idag har regnmakarane halde seg i skinnet, etter ei særdeles våt helg. Men kor våt var ho egentleg?
Observatør Kurt
Haugland på Korsnes kan svara på det og svaret er at det hølja ned bortimot 100 millimeter.**

Fredag kom det 40 millimeter, laurdag 38 millimeter og søndag 17 millimeter men nokon egentleg flom vart det ikkje utav det. Heller ikkje vart det nokon rekordnedbør.

Den våtaste dagen no i haust var den siste oktoberdagen. Då kom det 60 millimeter på eit døgn.

Biletet over vart teke då elva var på det striaste laurdag.

Foto: Ola Matti Mathisen